

Styremøte

Tid: 12. mars 2008, kl 20:00
Stad: Kolbeintunet 11, Førde
Tilstades: Marisu Dalin, Rune Berge og Guttorm Kleppe
Skrivar: Guttorm Kleppe

1. SMS via internett

- a. SKK har SMS moglegheit via nette. Det er noko som ein kan ordne med og be Rune eller Marius om å sende ut. I forbindelse med fellesopplegg eller møter som SKK har.
- b. Tenesta er levert av PSwin.com.

2. Temakveldar våren 2008

- a. Bør ha ei drøfting på neste styremøte om kva tema ein tar sikte på å belyse i løpet av våren. Tema er:
 - i. Torsdagsansvarleg
 - ii. Førstehjelp
 - iii. Navigasjon

3. Budsjett for søknad

- a. Rune setter opp budsjett for utgifter til naust, havflåten, elvesatsing og polosatsing. For søknad om midlar frå Førde kommune.

4. Elvesatsing

- a. Guttorm er ansvarleg for innkjøp av elveutstyr.
- b. Gjort vedtak om og kjøpe inn 3 stk elvekajakkar. Ein tenker då og kjøpe brukte båtar.
- c. Gjort vedtak om og kjøpe inn 4 stk elveårer.
- d. Gjort vedtak om og kjøpe inn 3 stk hjelmar, der ein tar sikte på og kjøpe av ein rimeleg variant.

5. Polosatsing

- a. Ein tar sikte på å ha ei moderat satsing mot polo i 2008. Der ein kan føle litt på kva behov som er og kva som skal til for og få det til på eit greitt nivå. Marius er ansvarleg for kjøp av poloutstyr.
- b. Gjort vedtak om å kjøpe in 3stk polokajakkar.
- c. Gjort vedtak om å kjøpe in 3stk poloårer.
- d. Gjort vedtak om å kjøpe in 2stk poloballar.
- e. Gjort vedtak om å kjøpe in 6stk polohjelmar.
- f. Gjort vedtak om å sette av midlar for og kunne sende 2 personar frå SKK på poloseminar i 2008.
- g. Gjort vedtak om å sette av midlar til å lage polomål.